

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 13.01.2012
Sakhandsamar: **Jan Erik Lorentzen/Gunnhild Haslerud**
Saka gjeld: **Budsjett 2012 for Helse Vest RHF - administrasjonen**

Arkivsak
2009/96/
Styresak 006/12 B

Styremøte 01.02. 2012

Forslag til vedtak

Styret vedtar budsjett 2012 for administrasjonen til Helse Vest RHF.

Oppsummering

Forslaget til administrasjonsbudsjettet for 2012 syner ei auka ramma i høve til kostnadsramma som blei vedtatt under styresak 136/11 Inntektsfordeling 2012. Auken skuldast at det er lagt inn tre nye årsverk i budsjettet.

Fakta

Styret i Helse Vest vedtok under styresak 136/11 Inntektsfordeling 2012, inntektsramma for helseføretaka. Det vart i denne saka lagt fram ei kostnadsramme for administrasjonen på kr 101 mill inkl. lønns- og rekneskapsenteret (LRS).

Kommentar

Administrerende direktør tilrår følgjande budsjetttramme for 2012:

Administrasjon	Beløp
Overført fra kjøp av helsetjenester i 2011	97 963
Deflator 3,1 %	3 037
Tre nye årsverk	2 526
Budsjettgrunnlag 2012	103 526

Lønns- og personalkostnader

Administrasjonen har innhenta talet på administrative årsverk i dei andre regionale helseføretaka ved utgangen av 2011.

Region	Årsverk
Helse Nord RHF	47,2
Helse Midt-Norge RHF	62,2
Helse Sør-øst RHF	137
Helse Vest RHF	48

Det er knytt noko usikkerheit til talla då nokre administrative funksjonar kan være ulikt organisert i dei ulike RHF-a. Dei oppgitte talla er utan tilsette innan regionale fellestenester som t.d. IKT eller lønn/rekneskap. Oversikten viser at Helse Vest RHF har den relativt lågaste administrative bemanninga av dei regionale helseføretaka.

Avdeling	Vedtatte årsverk	Herav vakante	Nye årsverk 2012	Sum årsverk
Kommunikasjonsavdeling	4	0	0	4
Fagavdeling	13,2	1	0	13,2
Sekretariat	4	0	0	4
Økonomi- og finansavdeling	11,8	0	0	11,8
- Analyseenheter	1	0	1	2
Personal- og organisasjonsavdeling	3	0	1	4
Eigaravdeling	8	2	0	8
Administrerende direktør	1	0	0	1
Internrevisor	2	0	1	3
Sum stillingsramme	48	3	3	51

Helse Vest hadde ved utgangen av 2011 ei stillingsramme på 48 årsverk. I tre av desse stillingane er det ikkje tilsett medarbeidarar per i dag. Desse stillingane er:

1 årsverk eigaravdelinga – tidligare vise AD

Stillinga har stått vakant sidan årsskiftet 2009/2010. Tidlegare stillingsinnehavar hadde ein særskilt erfaring og kompetanse, var fungerande administrerande direktør i ferie og ved frávær og var styremedlem i alle sjukehusføretaka. Administrerande direktør legg til grunn at det vil kunne bli behov for å bemanne stillinga med kompetanse på verksemdstyring/forretningsutvikling, og det er ønskjeleg å behalde den fleksibilitet som ligg i å ha denne stillingsheimelen tilgjengeleg.

1 årsverk eigaravdelinga – eigedomsforvaltning

Det blei i 2007 gjort tilsetting i stilling som bygg- og eigedomssjef. Dette fall i tid samstundes med igangsetting av det regionale eigedomsprogrammet, og rolla som programleiar blei ein sentral del av stillinga. I tillegg låg det mellom anna til stillinga å sikre rett organisering, rådgjeving og oppfølging av store utbyggingsprosjekt i helseføretaka. Etter at eigedomsprogrammet blei avvikla våren 2010 valde stillingsinnehavaren å gå attende til stilling i Helse Fonna, og stillinga har stått vakant sidan hausten 2010.

Eigedomane i Helse Vest representerer store verdiar og er viktige for den daglege drifta. Ein stor del av bygningsmassen er eldre enn 20 år.

Utvikling og oppfølging innanfor eigedomsområdet er omtala i Helse 2020. Det er etablert eit regionalt eigedomsutval under leiding av Helse Vest, og det er planlagt for å setje i gang arbeid med ein regional arealplan i 2012. Det blir og planlagt for og pågår fleire store utbyggingsprosjekt i helseføretaka. Det er eit klart behov for kompetanse i RHF-et for å sikre ein god utvikling innanfor denne eigedomsporteføljen, og det er lagt opp til kunngjering av stillinga vinteren 2012.

1 årsverk i fagavdelinga

Stillinga er foreløpig ikkje lyst ut då det har vore nødvendig å gjere ei nærmare vurdering av oppgåver og organisering i avdelinga. Stillinga vil bli lyst ut våren 2012.

Nye årsverk

Det er behov for tre nye årsverk i 2012 noko som betyr at budsjettet i 2012 blir lagt fram med til saman 51 årsverk. I tillegg er det ein del personar som er innleigd knytt opp til ulike arbeidsoppgåver/prosjekt.

Dei nye årsverka er:

Analytikar

I budsjettet for 2011 er det satt av midlar til å kjøpe fri inntil to årsverk eksternt og/eller frå HFa til analysesatsinga. I tillegg blei det etablert ei stilling som leiar for styringsdata og analyse. Økonomiavdelinga blir no organisert i ulike team, deriblant eit analyseteam leia av leiar for analyse- og styringsinformasjon. Det er viktig at vi får ein god etablering av verksemda og det ein føreslår er at det blir oppretta ei ny stilling som analytikar. Frikjøp av ressursar tilsvarande eit årsverk frå eksterne og/eller HFa kjem i tillegg. Stillinga blir finansiert gjennom å redusere tidligare avsett beløp til innleige/frikjøp i posten «Regionale fellesløyningar» som ligg utanfor administrasjonsbudsjettet. Dette vil gje oss ytterlegare kraft i arbeidet med å tilrettelegge for gode HR-system/verktøy knytt til styring av arbeidsprosessane i HF-a.

HR stilling

Arbeidsbelastninga i HR avdelinga er aukande og det er meldt inn eit behov for å styrke avdelinga med eit årsverk. Stillinga finansieras gjennom å redusere tidligare avsett beløp til innleige/frikjøp i posten «Regionale fellesløyningar» som ligg utanfor administrasjonsbudsjettet.

Internrevisjon

Internrevisjonen si historie, både siste året og tidlegare år, har vist at den har vore sårbar for endringar i bemanninga, noko som verker inn på så vel kontinuitet som leveringsevne. Eininga er ein liten organisasjon på utsida av den ordinære, noko som gjer det viktig å ikkje berre kompensere gjennom eit godt samarbeid med andre regioner og med konsulentkjøp, men også å ha ein viss kapasitet og kompetansebredde internt i eininga. Ei auke med eit årsverk vil venteleg bidra til auka systematikk, faglegheit og virke personleg motiverande og sosialt mobiliserande i internrevisjonseininga. Tilsvarande utvikling synest å bli gjort gjeldande i dei andre regionane, og departementet finn erfaringane med internrevisjon som så gode at dei vil lovfeste ordninga.

Det vil framleis vere behov for innleige av ekstern spesialkompetanse i prosjekta slik at auken på eit årsverk blir finansiert gjennom å auka administrasjonsbudsjettet.

Regionale fellesløysingar

Det er i budsjettet tatt høgde for at ei rekke regionale fellesløysingar blir dekt under budsjettet for kjøp av helsetenester. Dette gjeld mellom anna midlar til:

- innleige/frikjøp av systemeigar/arkitekt ressursar
- kjøp av ressursar til utvikling av styringsinformasjon/datavarehusløysinga frå Helse Vest IKT
- regional analysefunksjon
- samhandlingsmidlar
- prosjektleiar til innkjøpsprogrammet
- kostnader knytt til areal som er tiltenkt regionale tenester.

I høve til 2011 er kr 1,7 mill flytta frå denne posten og over til administrasjonsbudsjettet for å sikre finansieringa av to nye årsverk innan HR og analyse. Samstundes er satsinga på styringsinformasjon sikra med ein finansiering på kr 4 mill (tilsvarande om lag 4 årsverk) jf felles konklusjon i AD møte den 05.09.2011 sak 64/11 der satsinga på styringsinformasjon i Helse Vest i kjølvatnet av prosjektet "Heilskepeleg styringsinformasjon" vart vedtatt.

Andre driftskostnader

Driftskostnadane er i hovudsak prisjustert med 1,5 %. I tillegg er det i nokre tilfeller omprioritert mellom postar i budsjettet i forhold til historisk forbruk i 2011.

Lønns- og rekneskapsenteret

Lønns- og rekneskapsenteret (LRS) vidarefører dei 8,8 årsverka som er inne i 2011 budsjettet. Vekst utover dette blir handtert gjennom auka inntektskrav.

Overgangsordninga belastar administrasjonsbudsjettet med kr 2,3 mill slik at resultatet for LRS går i balanse for 2012.

LRS har eit resultatkrav på kr 0,- i 2012 og inntektene er fordelt slik:

LRS FINANSIERING 2012	IKT	RHF	APO	SUM
Utfaktureres/budsjettforslag 2012	2 272	4 493	2 529	9 294

Alle tall i heile tusen

RHF administrasjonsbudsjettet finansierar kr 4,5 mill medan resten av ramma blir finansiert av Helse Vest IKT as og Sjukehusapoteka Vest HF.

Budsjettforslaget for administrasjonen er fordelt slik på enkeltposter:

Budsjett for administrasjonen	2012	2011	Endring i %
(3) Sals- og driftsinntekter	103 526	97 963	5,7 %
(5) Lønnskostnad	-57 660	-52 773	9,3 %
(50) Lønn til tilsette	-39 350	-35 361	11,3 %
(52) Fordel i arbeidsforhold	-5	-5	0,0 %
(53) Annan oppgavepliktig godtgjersle	-2 000	-2 000	0,0 %
(54) Arbeidsgiveravgift og pensjonskostnad	-13 817	-12 802	7,9 %
(56) Kompetanse og rekruttering	-1 143	-1 268	-9,9 %
(59) Annan personalkostnad	-1345	-1337	0,6 %
(6) Annan driftskostnad, av- og nedskrivning	-39 147	-38 543	1,6 %
(60) Av- og nedskrivning	-617	-597	3,4 %
(63) Kostnader lokaler inkl. energi og brensel	-4 626	-4 558	1,5 %
(64) Leige mtu, maskinar, inventar o.l.	-345	-342	0,9 %
(65) Utstyr og driftsmaterialer som ikkje skal aktiveras	-663	-653	1,5 %
(66) Reparasjon, vedlikehald og service	-90	-89	1,1 %
(67) Eksterne tenester	-27 649	-27 281	1,3 %
(68) Kontorkostnad, trykksak o.l.	-3 040	-2 730	11,4 %
(69) Telefon, porto o.l.	-2 117	-2 294	-7,7 %
(7) Annan driftskostnad av-og nedskrivning	-6 718	-6 647	1,1 %
(71) Kostnad og godtgj. for reise,diett, bil o.l.	-4 793	-4 732	1,3 %
(73) Sals- og reklamekostnad	-1 592	-1 583	0,6 %
(74) Kontingent og gåver	-80	-78	2,6 %
(75) Forsikringspremie, garanti. og serv.kostn.	-54	-53	1,9 %
(77) Annan kostnad	-200	-200	0,0 %
RESULTAT	0	0	

Alle tall i helle tusen

Kommentarar til dei største endringane:

- Auken i lønnskostnader utover ordinær lønnsvekt skuldast i hovudsak dei tre nye årsverka.
- Dei andre endringane er i hovudsak justeringar mellom budsjettpostar for å fange opp faktisk kostnadsnivå frå 2011. Desse går mot kvarandre og påverkar ikkje budsjettet samla sett.